Politikarane i Ullensvang går inn for bomstasjon i ny tunnel



Bompengeprosjektet: Tunnelen mellom Seljestad og Røldal. Planen er å ha ein bomstasjon i den nye tunnelen, med innkrevjing i begge retningar. – Dei som har nytte betalar, dei som betalar har nytta, seier Kaisa Banne i Statens vegvesen. Illustrasjon: Vegvesenet

Av Ernst Olsen

Publisert:16. april 2020, kl. 20:00

Formannskapet går inn for bompengefinansiering av tunnelen mellom Seljestad og Røldal. Planen er ein bomstasjon i den nye tunnelen.

Kaisa Banne, seniorrådgjevar i Statens vegvesen, innleia møtet i formannskapet torsdag med ei orientering om bompengeprosjektet.

– Vegvesenet har førebels rekna ut at ein kan spara 200 millionar kroner ved å kutta utbetringstiltak på dagens veg over Seljestad, inkludert gang- og sykkelløysingar, samt overgangsbruer. Det positive med dette er at ein slepper inngripande tiltak og utløysing av hus og hytter, fortalde Banne.

Ho opplyste at kostnaden på tunnelprosjektet no ligg på 2.975 millionar kroner. Ifølge Banne er det redusert til eit reint tunnelprosjekt, med tilknyting til eksisterande veg, men streka under at dette ikkje er heilt sikkert enno. Planen er å ha berre ein bomstasjon, plassert i ny tunnel.

– Dei som har nytte betalar, dei som betaler har nytta, uttala ho.

2.463 millionar kroner av prosjektet skal finansierast av statlege midlar, medan 512 millionar skal hentars inn frå bompengar.

Banne la til at ein med denne ordninga kunne få noko dårlegare framkomst og tryggleik på sidevegen (dagens veg mellom Seljestad og Røldal) enn om det var bom på sideveg.



LES OGSÅ

Mener tunnelen mellom Seljestad og Røldal bør inn i regjeringens krisepakker: – Viktig for å holde hjulene i gang

Innkrevjing ved opning

Ordførar Roald Aga Haug (Ap) innleia sakshandsaminga med å lesa opp tilrådinga frå rådmannen.

«Ullensvang kommunestyre sluttar seg til det føreslegne bompengeopplegget for E134 Røldal — Seljestad slik det er skissert i Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering frå Statens vegvesen, Utgreiing vest datert 02.04.2020», står det i punkt 1.

I tilrådinga vert det mellom anna lagt til grunn at utbygginga av ny tunnel skjer i perioden 2022-2027, innkrevjing av bompengar vil gå føre seg i begge retningar i ein automatisk bomstasjon plassert i ny tunnel på ny veg, og at innkrevjinga startar når vegprosjektet opnar for trafikk.

Både Lars O. Seim (Sp), Lajla-Margrethe Lindskog-Lund (Sp) og Terje Kollbotn (Raudt) gav uttrykk for at dei synest det er leit at utbetringstiltaka på vegen over Seljestad var fjerna frå den opphavlege planen.

Trygve Bolstad (Ap) sa han ville støtte innstillinga, som han meiner ikkje fører til ulemper for interntrafikken i Ullensvang kommune.

– Ein kan framleis køyra frå Røldal til Odda utan å måtte betala bompengar, streka Ap-politikaren under, men la til at dersom ein ikkje finansierte ny tunnel med bompengar, så ville ein tape og sakke akterut i prosessen.

Anbefaler å kutte ut dyrt kryss ved Solfonn og Løyning

– Dette er ein gledeleg dag, ein milepæl, men det står framleis att ein stor politisk jobb inn mot neste Nasjonal Transportplan (NTP) og fylkeskommunen sin uttale, sa Erlend Nævdal Bolstad (H).

– Det er gledeleg å lesa sakspapira, for oss i Røldal er det positivt at det berre er ein bomstasjon, uttala Lars O. Seim (Sp).

Nøgd: Lars O. Seim (Sp) frå Røldal sa at det er gledeleg at det berre er lagt opp til ein bomstasjon. Her frå videomøte i formannskapet torsdag. Skjermdump

Aga Haug viste til at dei regionane som hadde fått best utteljing innan samferdsel, var dei som var villige til å støtta større pakkar, som Stord og Bømlo.

– Bompengar er ein del av finansieringa, slik er systemet. Dersom ikkje, så er dette eit heilt anna prosjekt, minna han formannskapet om.

Viktig for å sikra framdrift

Bompengesaka var også oppe i samfunn, plan og næring onsdag. Der tilrådinga vart vedteken med 16 mot ei røyst. Kun Raudt røysta mot, på bakgrunn av sitt prinsipielle standpunkt mot bompengar på prioriterte riks- og stamvegar.

Voteringa fekk same utfall då formannskapet gjorde sitt vedtak.

Kollbotn sa under møtet torsdag at Raudt ville ha ein nye drøftingsrunde, slik at ein kanskje kunne få eit samrøystes vedtak i Ullensvang kommunestyre 29. april. Han trakk mellom anna fram miljøaspektet, då tungtrafikken vil bruka mykje mindre drivstoff på den nye vegen.

– I tillegg vil trafikktryggleiken auke, sa Kollbotn, då ein vil sleppa vinterstengde vegar i Håradalen som følge av vogntog som køyrer seg fast.

«Bompengeopplegget må på plass snarast for å sikra framdrifta i prosjektet. Då ligg grunnlaget på plass for å få saka vidare til handsaming i Stortinget», står det i konklusjonen frå rådmannen.